

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.1	Knut Øyjordet	18.06.20	26/20

## SØKNAD OM LØYVE TIL OPPFØRING AV GAPAHUK PÅ PIKUTHAUGEN – SJODALEN FJELLGRENDS VELFORENING

*Saksdokument:*

E-post frå Statskog av 09.06.20 med vedlegg.

*Saksutgreiing:*

Velforeninga i Sjodalen Fjellgrend søker om oppføring av ein gapahuk på Pikuthaugen. I søknaden til Statskog står det m.a. følgjande:

*Vi vil før vi legg fram noko teikning av gapahuken sjekke om det kan vera mogleg å få løyve til noko slikt. Vi ser ikkje for oss noko stor gapahuk, ca. 3 m lang og 1,5 m djup, med benkar på langsida og på stuttsidane. Vi ser også for oss eit skråtak og høgda treng ikkje vera meir enn ca. 180 cm i framkant og ca. 140 cm i bakkant. Alle materialar er tenkt i tre som kan beisast i nøytrale farger etter oppføring. Veit at det også kan kome spørsmål om bålpanne i tilknyting til gapahuken.*

*Dersom det ikkje kan gjevast løyve til oppføring av gapahuk vil vi søkje om løyve til å ha opp 3-4 benkar på staden. Dei kan vera laga av kløyvde tømmerstokkar. Vil da også vera aktuelt med ei bålpanne i tilknyting til benkane.*

*Det er frå før ein gamal ganske god stig opp til plassen. Det trengs difor ikkje gjerast noko meir med den, men det er ønskeleg med eit skilt der stigen går av Kampevegen.*

Statskog har oversendt søknaden til fjellstyret til uttale etter § 12 i Fjelova. Pikuthaugen ligg austafor hyttefeltet og vest for Birisjøen, innanfor Stuttgonglie naturreservat. Ved å gå inn på «Norgeskart», søke på «Pikåthøgdi», så kjem det godt fram på kart kor haugen ligg og grensene for naturreservatet er også lagt inn der (grøn strek).

*Vurdering:*

Grunndisponeringstiltak kan etter reglane i § 12 i fjelova berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Det er slik at fjellstyret i ei slik sak må vurdere eventuelle konfliktar i forhold til bruksrett, samt naturvern- og friluftsinteressene.

Dette er ikkje noko konfliktsfull sak i forhold til bruksrettsinteresser. Det er ikkje beitedyr i området, og i forhold til jakt og fiske skulle det heller ikkje vera noko ulempe med ein gapahuk på Pikuthaugen. Men det er likevel naturleg å stille seg spørsmålet om det bør opnast for å setje opp ein gapahuk på eit turmål som ei høgde eller ein topp? Og særleg når det ligg innanfor eit naturreservat. Det er tross alt eit byggverk som synest. Å setje opp nokre benkar blir noko heilt anna. For oppsetting av bålpanne kan det vera greitt å ta kontakt med brannansvarlege i kommunen. Med bålpanne så legg ein til rette for bålbranning, og i dette området med furuskog, kan det av og til vera tørt og fare for brann.

**Innstilling til vedtak:**

I søknad frå Sjodalen Fjellgrend velforening om å setje opp ein gapahuk på Pikuthaugen, så frårår fjellstyret at det blir gjeve løyve. Fjellstyret meiner generelt at det ikkje bør førast opp gapahuker på utsiktspunkt som høgder og toppar. Og i dette tilfelle så ligg høgda også innanfor eit naturreservat. Fjellstyret har ingen merknader til utplassering av nokre benkar på Pikuthaugen. Når det gjeld bålpanne her, så bør dette avklarast med kommunen ved brannvesenet.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga, men med dette tillegget:

Fjellstyret vil sjå positivt på ein søknad om oppsetting av ein gapahuk i nærliggjande område, men utanom verna område og som ikkje kjem i konflikt med bruksrettsinteresser og/eller natur- og friluftsinteresser. Dette kan gjerne vere i nærleiken av vassdrag, og som vil vera til nytte og glede for allmenta.

*Rett utskrift. Går til:*

Statskog

*Kopi til:*

Sjodalen Fjellgrend Velforening v/Bjørn Bakke

Vågåmo, 19.06.20

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no